| Botnen | Sigrid | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | | | | 1 | 1 | | 1 | 1 | | 13 | Stor pokal |
| Fristad | Vena | Askvoll & Holm. | | 1 | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | | | | | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 12 | Stor pokal |
| Haugsbø | Ella Ryste | Førde IL | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | | | | | | 1 | 1 | | 12 | Stor pokal |
| Fristad | Olea | Askvoll & Holm. | | 1 | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | | | | | | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 11 | Stor pokal |
| Korsøen | Jørgen Daling | Førde IL | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | | | | | | 1 | | | | 11 | Stor pokal |
| Skilbrei | Sjur | Førde IL | 1 | | 1 | | | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 1 | 1 | | | | | 11 | Stor pokal |
| Johansen | Jakob Sunde | Noteam | 1 | 1 | 1 | | | 1 | | 1 | 1 | 1 | | | | | 1 | 1 | | | | 1 | | 10 | Stor pokal |
| Skilbrei | Storm | Førde IL | 1 | | 1 | | | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 1 | | | | | | 10 | Stor pokal |
| Hermansen | Grete | Noteam | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | | | | 1 | 1 | 1 | | | 1 | | | | | | | 9 | Med.pokal |
| Hermansen | Emil | Førde IL | 1 | 1 | | 1 | 1 | | | | | 1 | 1 | 1 | | | 1 | | | | | | | 8 | Med.pokal |
| Hjetland | Olav Falk | Førde IL | 1 | 1 | | | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | | | | | | | | | | 1 | | 8 | Med.pokal |
| Kusslid | Elisabeth | Førde IL | 1 | 1 | | | | | | 1 | | 1 | | | | | | | 1 | | 1 | 1 | | 7 | Med.pokal |
| Sørgulen | Jakob Hammerseth | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | | | 1 | 1 | 1 | | | | | | | | 1 | | | | 7 | Med.pokal |
| Bruland | Axel | Noteam | 1 | | | | | 1 | 1 | 1 | | | | | | | | 1 | 1 | | | | | 6 | Liten pokal |
| Isaksen | Lykke Rød | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | | 1 | | | | | | | | | | | | | 6 | Liten pokal |
| Berntsen | Eirik Vestre | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | 1 | | | | | | | | | 1 | | | | | | | 5 | Liten pokal |
| Fredly | Viktor Røneid | Førde IL | | | | | | | | 1 | | | | | | | | 1 | | 1 | 1 | 1 | | 5 | Liten pokal |
| Haugsbø | Tarjei Ryste | Gaular IL | | 1 | | 1 | | | | | | | | | | 1 | | 1 | | 1 | | | | 5 | Liten pokal |
| Sunde | Karstein Karlsen | | 1 | 1 | 1 | | | | | | | | | | | 1 | | 1 | | | | | | 5 | Liten pokal |
| Holsen | Linnea Aasen | Førde IL | 1 | | | | | 1 | | | | | | | | | | | | | 1 | 1 | | 4 | Liten pokal |
| Roti | Henrik | Noteam | | | | | | 1 | | | | 1 | 1 | 1 | | | | | | | | | | 4 | Liten pokal |
| Sunde | Emrik Karlsen | | 1 | 1 | 1 | | | | | | | | | | | 1 | | | | | | | | 4 | Liten pokal |
| Veum | Eline Aas | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | | 1 | | | | | | | | | | | | | | | 4 | Liten pokal |
| Holsen | Torbjørn | Førde IL | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 20 | Bestikk |
| Os | Torodd | Førde IL | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 19 | Bestikk |
| Daling | Julie | Førde IL | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 18 | Bestikk |
| Mallasvik | Anders Os | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 18 | Bestikk |
| Hjellbrekke | Harald | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | | 17 | Bestikk |
| Osvoll | Knut Ivar | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 17 | Bestikk |
| Slåtten | Anders Fagerstrøm | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 17 | Bestikk |
| Kyte | Lars | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 16 | Bestikk |
| Årdal | Yngve | Førde IL | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 1 | 1 | 1 | | | | 16 | Bestikk |
| Magerøy | Johan | Førde IL | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | 1 | | | 15 | Bestikk |
| Os | Torbjørn | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | 1 | | | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 15 | Bestikk |
| Schei | Helge | Førde IL | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | | 1 | | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 15 | Bestikk |
| Ryste | Bodil | Førde IL | 1 | | 1 | 1 | | 1 | | | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 14 | Bestikk |
| Abolins | Arnis | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | | 1 | 1 | | | | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 13 | Bestikk |
| Grønli | Kurt | Førde IL | | | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | | | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 13 | Bestikk |
| Gytri | Gunnar | Førde IL | 1 | | | | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | | | | 13 | Bestikk |
| Hole | Anita | Førde IL | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | | | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | | | 1 | | 13 | Bestikk |
| Spjutøy | Stig | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | | 1 | | | 1 | 1 | | 1 | | 13 | Bestikk |
| Sægrov | Anja | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | | | | | | 13 | Bestikk |
| Tjørhom | Henning | Førde IL | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | | | | | 1 | | 1 | | 1 | | 13 | Bestikk |
| Hjellbrekke | Kjell Arne | Førde IL | 1 | | | 1 | | 1 | | 1 | | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | | | 12 | Bestikk |
| Husevåg-Lobben | Synnøve | Noteam | 1 | 1 | 1 | | | 1 | | | | 1 | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | | 12 | Bestikk |
| Kalstad | Sunneve | Førde IL | 1 | 1 | 1 | | | 1 | | | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | 1 | 1 | | | | | 12 | Bestikk |
| Sægrov Asheim | Morris | Førde IL | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | 1 | 1 | | | 1 | 1 | 1 | | 1 | | | | | 1 | | 12 | Bestikk |

GARDEROBER
NASA
coop

GARDEROBER
NASA

| Lagsmeisterskap. | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **ALK** | **ALM** | **BK** | **BM** |
| **Sprint** | | | | |
| **1** | Bodil Ryste | Håkon Grønli | Julie Daling | Kenneth Husevåg-Lobben |
| **2** | Anja Sægrov | Anders Slåtten | Kjellfrid Stølen Skilbreid | Martin Olai Spjutøy |
| **3** | Brita Eilertsen Grønli | Trygve Hermanser | Anita Hole | Knut Even Hole |
| **Mellom** | | | | |
| **1** | Ingen | Andreas Haug | Julie Daling | Arnis Abolins |
| **2** | | Torbjørn Holsen | Elisabeth Kusslid | Erlend Husevåg-Lobben |
| **3** | | Torbjørn Os | Kjellfrid Stølen Skilbreid | Knut Ivar Osvoll |
| **Lang** | | | | |
| **1** | Ingen | Ole Martin Erdal | Julie Daling | Johan Magerøy |
| **2** | | Trygve Hermanser | Kjellfrid Stølen Skilbreid | Marius Dalin |
| **3** | | Torbjørn Holsen | | Kurt Grønli |
| **Natt** | | | | |
| **1** | Ingen | Torbjørn Holsen | Ingen | Jostein Fredly |
| **2** | | Torbjørn Os | | Kurt Grønli |
| **3** | | Gunnar Gytri | | Arnis Abolins |



**Torbjørn Holsen.**

**Brita Eilertsen Grønli.**

# *Støttespelar Førde IL Orientering 2024:*

# *Støttespelar Førde IL Orientering 2024*

Naustdal Dampbakeri

# Nytt o-kart Eikås/Fluge på Jølster klart til bruk i 2025



# Skulesprint i Sunnfjord

(Av Knut Even Hole)

**Skulesprint I.**

Dei seinare åra har skulane i Førde stort sett helde skule-orientering sjølve, av og til med lånt utstyr frå o-gruppa. I tillegg har vi delt ut tur-o hefte til dei skulane som har hatt grøne turar i nærområdet. Skulesprint slik vi tilbydde før, har vore sakna. Det har vore ein kjekk dag for borna, der dei har fått prøvd seg på orientering med tidtaking og litt opplæring.

I og med vi har hatt så mange flinke ungdomar som har teikna skulegårdskart over nesten alle skulane i kommunen, så har vi mange gode og detaljerte kart skulane kan nytte til ulik aktivitet. Skulane mottar og ein sekk med mykje utstyr dei kan nytte til ulike o-aktivitetar som er enkle og gjennomføre.

I fjor vart det teikna tre nye og vi oppdaterte tre kart, som utløyste seks sekkar med utstyr. Desse blei utlevert i år, og lærarane fekk tilbod om å få opplæring i dei ulike aktivitetane sekken inneheldt. Dette takka alle skulane ja til. På Sunde skule, Slåtten skule, Førde ungdomsskule og Halbrend ungdomsskule deltok gym-kontaktlærarane der dei fekk ein gjennomgang av utstyret og litt forklaring rundt dei ulike aktivitetane.

Flatene skule og Førde barneskule ønskte eit litt utvida tilbod, så på Flatene hadde underteikna kurs om kart for 20 lærarar før vi gjekk ut og dei fekk prøve ut dei forskjellige aktivitetane i skulesekken i praksis. På Førde barneskule var der vel 10 lærarar som fekk ein gjennomgang av skulesekken.

Skulane fekk og tilbod om hjelp til o-aktivitet. Vassenden skule ønskte å låne utstyr og dei laga opplegget sjølv. Sunde og Halbrend skule nytta seg av skulesekken, samt tur-o hefta dei fekk. Mens på Førde ungdomsskule, Flatene skule, Førde barneskule og Slåtten skule så ønskte dei ein aktivitetsdag slik vi hadde før der dei fekk kome å prøve seg på ulike o-aktivitetar der borna og fekk ei kort innføring om kartet. Dei tre skulane nord for Jølstra kunne ta turen opp i Vieåsen for eit slikt opplegg, så vi blei samde om fire påfølgjande dagar i juni for å lette arbeidet med poster og utstyr. Det blei sett opp tre løyper med ulik vanskegrad, samt o-bingo og rakettløype i området ved fotballbana.

Måndagen kom Førde ungdomsskule med heile 9. trinnet, litt over 100 born. Dei vart delt opp i to grupper, der den eine gruppa hadde orientering før lunsj, mens den andre gruppa gjekk opp til dagsturhytta.

Tysdag og onsdag fekk eg besøk av Slåtten skule med 5.-7. trinn og ca 160 born. Tysdag morgon kom 5. klasse, der eine klassen sprang o-løype først, mens dei andre klassane fordelte seg på o-bingo og rakettløype. 6. klasse hadde same opplegget etter lunsj, og 7. klasse onsdag morgon. Torsdag kom Førde barneskule med 5.-7. trinn med ca. 110 born. Her og kom klassane fordelt utover dagen slik at alle fekk same tilbod som dei andre skulane.

Flatene skule ønskte og eit opplegg for 1.-3. trinn, men der hadde vi det på skuleplassen bak skulen mot elva. Her fekk dei prøve seg på O-bingo med 20 poster i nærleiken til samlingsplassen, så enn ikkje mista oversikta over borna, samt to parallelle rakettløyper. Klassane hadde to timar kvar med orientering denne dagen. På Flatene var der ca 140 born i aktivitet.

Når eg var i Vieåsen, så var det ikkje alle borna som syns det var like spennande med orientering, men det har nok ein samanheng med at det var eit forferdeleg dårleg vær den veka, med regn, vind og 8-10 grader. Og enkelte born kom med shorts og t-skjorte. På Flatene var det jubel og glede blant borna, og når skulen var over og mange av dei som hadde deltatt skulle på SFO, så fekk eg nesten ikkje lov til å ta ned utstyret og reise heim. Dei ville prøve meir.

I tillegg så har tur-o gruppa lagt 6 grøne turar i nærleiken av skulane, slik at alle skulane i Førde har hatt løype ved sin skule. Det blei delt ut ca. 450 hefter til 5. og 6. trinna, samt at dei fekk heftet i PDF format til bruk for dei andre klassane.

Etter tilbakemelding frå skulane, samt dagane med skulesprint, så kan ein oppsummere o-aktivitet i skulane slik: 6 skular og ca. 940 born brukt tur-o løypene ein eller fleire gongar i gymtimar. Førde ungdomsskule brukte løypene etter KM-helga med ca 100 elevar, og Vassenden skule hadde eige opplegg for ca 190 elevar med lånt utstyr. På dagane med skulesprint deltok 4 skular og totalt ca 510 born.

Skulane har og fått o-brosjyra og informasjonsark om morO dei har sendt med borna som ranselpost. Dette er ikkje noko dei vanlegvis gjer, men sidan vi stiller opp for dei, og tilbodet vi informerer om er lågkost tilbod, så har dei gått med på å dele det ut.

Tilboda vi gjer til skulane genererer ein del tilskot. Norges Orienteringsforbund gjev tilskot til grøne turar ved skulane, Sogn og Fjordane Orienteringskrins har fått tilskot frå Vestland fylkeskommune som blir fordelt på klubbane ut frå aktivitetane dei har hatt, og o-gruppa har også fått tilskot frå fylkeskommunen til m.a. skulesprint.

**Skulesprint Vieåsen.**

# morO for aldersgruppa 8-12 år i Hafstadparken

(Av Knut Even Hole, ansvarleg for morO)

**morO i Hafstadparken.**

morO er namnet på aktiviteten vi tilbyr born i alderen mellom 8 og 12 år kvar måndag frå klokka 1800. Her kan alle som vil kome til ein time med leik og morO, med ein gjeng kjekke ungdomar som instruktørar. Når klokka er 19 så trekker gjengen inn i FIL huset der det ventar kveldsmat. Det blir servert brødmat og kakao/saft. Det er som regel ein svolten gjeng som kjem inn etter endt økt. Tilbodet er gratis. Det er heller ikkje noko påmelding eller krav om at ein skal kome kvar måndag. Ein kjem når ein har lyst. Vi føl skuleruta, så kvar måndag det er skuledag, så er det aktivitet i Hafstadparken på kvelden.

I vinter var det fem ungdomar som delte på jobben, med Håkon Grønli som hovudinstruktør. Dei andre fire var Mari Grønli, Lise Hafstad, Andrea Ynnesdal og Arian Solsvik. Håkon reiste i militære i sommar, så etter sommarferien har Lise Hafstad fortsett som hovudinstruktør, Andrea Ynnesdal blei og med vidare. Med på laget har Elisabeth Kusslid kome til no i haust. morO vart helde 18 måndagar frå nyttår til sommarferien, og til no etter skulestart har vi hatt 10 kveldar. 5 måndagar står att fram til juleferien. Nokre måndagar har vi måtte avlyst grunna dårleg vær. Underteikna er ansvarleg for morO, samt matservering. Dei dagane eg av ulike grunnar ikkje kan delta, så tek Anita ansvaret for at borna får seg kveldsmat. Nokre gongar har ungdomen sjølv ordna med bollar, frukt og juice når fellesområdet har vore opptatt grunna fotballkamp.

Oppmøte varierer frå 1-2 deltakarar til det meste vi har vore opp i ein kveld var 16 born. Vi har ikkje noko form for registrering sidan det ikkje er påmelding så nøyaktig kor mange born som har vore inn om veit vi ikkje med sikkerheit, men en stad mellom 30 og 35 born har nok deltatt ein eller fleire gongar. Oppmøtet varierer ofte med kva type vær som er, og vi trur at det av og til er foreldra som ikkje syns dei skal gå når gradestokken har gått ned mot 15 minus. Men borna blir stort sett varme og god av aktivitetane, så litt kulde gjer ikkje noko. Dei får og varm kakao når dei kjem i hus, noko som er svært populært.

Borna har fått vore med på mange forskjellig aktivitetar og leikar. Dei startar som oftast med leikbassert oppvarming, og avsluttar som regel med ein eller anna form for orientering. Det være seg stjerneorientering,

o-bingo, kart-teikn stafett eller vanleg orienteringsløype med tidtaking. For å forenkle jobben med å ha orientering så er det skrudd opp 20 postar rundt om i parken som ein kan veksle på å bruke til dei forskjellege aktivitetane. Men kjekkast er det selvfølgeleg å springe o-løype med brikke og tidtaking.

**Instruktørar: Lise Hafstad, Andrea Myren Ynnesdal og Elisabeth Kusslid har vore blant instruktørane på morO i 2024.**

Nokre av deltakarane har vore inn om nærløpa, og gjengen som har vore no i haust er interessert i kor tid vi startar opp igjen til våren. Så vi håpar å kunne rekruttere fleire til O-sporten med dette prosjektet, men det er ikkje det som er hovudmålet. Det er å få fleire ut i friluft og delta på ein aktivitet uavhengig av dyre treningsavgifter og krav til utstyr. Vårt tilbod er gratis og ein treng ikkje noko anna en kle ein kan bli våt og skitten i. Prosjektet er finansiert av tilskot frå Bufdir og Vestland fylkeskommune. Frå Bufdir har vi fått tilskot over ein tre-års periode, så vi blir vertfall å holde på i 2025 og. Pengane går til honorar for instruktørane og ansvarleg for morO, samt kveldsmat og det av utstyr ein måtte trenge.

Måndag den 28. oktober flytta vi oss til Langeland Skisenter og arrangerte Hall-O-ween for borna. Vi fekk då besøk av All idretten på Sande og i Bygstad. Totalt var det over 50 born med foreldre som deltok. Vi satt opp ei enkel o-løype, pynta med lyslenker, spøkelse og andre skumle effektar. Borna frå morO var vandt med o-løype så dei fekk reise ut saman med foreldra, mens gjengen frå All idretten først blei spurt «tørr de dette då?» og alle svarte JA, der dei fekk spørsmål med litt mørkare stemme «er dåkke heeeeilt sikker?» Då var det ikkje ein så sikker gjeng lenger. Men dei fekk ei lita innføring i kart og korleis det virka med brikke og postane. Så sette dei i gong med foreldra halsande etter. Ute i skogen sto Lise og Andrea skummelt utkledd for anledninga, samt ei frå All idretten. Alle med ei spann full av godteri. Det var ein fornøgd gjeng som kom i mål med lommane fulle av godteri, og dei hadde mykje å fortelje om kva for skumle ting dei hadde sett ute i skogen. Eg og Elisabeth sto ved start og hjelpte borna i gong og tok dei i mot i mål. Elisabeth heldt og styr på borna i rakettløypa dei kunne springe så mange gongar dei ville.

Etter økta ute, var det sjølvsagt kveldsmat på skihytta, servert av Anita med hjelp frå All idrettsgjengen. Praten gjekk mellom borna på kva dei hadde opplevd ute i skogen og brødskivene gjekk ned på høgkant. Kakaoen var og god når været ikkje var av det beste denne kvelden. Når vi skulle ta ned utstyret, og surre saman merkebanda, var det lagt seg is på det. Så det var ein kald kveld, men det varma å sjå så mange glade og fornøgde born. Vi arrangerer gjerne dette neste  år og.

# Historisk tilbakeblikk 2004

O-løp Blomlia september 2004

NÆRLØP ORIENTERING
ONSDAG 26.05.04
STAKALDEFOSSEN FØRDE

## A-LØYPE 4,2 KM

| | | |
|---|---|---|
| GUNNAR GYTRI | FØRDE | 41,54 |
| NORVALD OSPEHAUG | TAMB. | 48,23 |
| ARNFINN KRINGLEN | TAMB. | 55,36 |
| EGIL NESTANDE | FØRDE | 1,02,34 |
| GJERMUND GYTRI | FØRDE | 1,03,45 |
| KAARE SOLHJELL | TAMB. | 1,08,22 |
| ÅSMUND BERTHELSEN | TAMB. | 1,12,33 |
| JOSTEIN FREDLY | FØRDE | 1,15,09 |
| OLA HEGRENES | FØRDE | 1,30,07 |
| SILJE SØREBØ | | 1,37,07 |
| ØYSTEIN EIDE | FØRDE | 1,43,45 |
| LARS SÆTERDAL | FØRDE | 1,59,40 |
| KARL METTENES | FØRDE | 2,08,07 |

## C-LØYPE 2,6 KM

| | | |
|---|---|---|
| KJELL OLAV REIKVAM | FØRDE | 42,08 |
| REIDAR EIDE | FØRDE | 43,26 |
| VEGAR FUREVIK | FØRDE | 44,43 |
| MARTIN HEGRENES | FØRDE | 44,43 |
| ÅSE REIKVAM | FØRDE | 48,30 |
| ATLE KRINGLEN | TAMB. | 50,10 |
| SIGURD VIE ALME | FØRDE | 51,04 |
| ØRJAN ALME | FØRDE | 51,35 |
| OLAV HERSTAD | TAMB. | 51,36 |
| PER JOHAN AAHJEM | FØRDE | 54,18 |
| SVANHILD HANDAL | FØRDE | 56,15 |
| AGNAR ÅSNES | FØRDE | 58,16 |
| ALEKSANDER ÅSNES | FØRDE | 59,21 |
| ASTRID GYTRI | FØRDE | 1,26,04 |
| SUNNEVA KALSTAD | | |

## N-LØYPE 1,8 KM UTAN TID

SIGRID MATEHA HANDAL
HÅVARD NUMMEDAL OS
ESPEN PILEBERG AAHJEM
SONDRE PILEBERG AAHJEM
GUNNVOR EIDE
DORTE GYTRI
VESLEMØY LYNGSTAD
VEBJØRN LYNGSTAD
TRINE SÆBØ
HELGA SÆBØ
IVAR SOMMER OS
VEGAR HEGRENES
KJETIL INDREBØ
GAUTE KLAKEGG DVERGSDAL
DANIEL KRINGLEN
STEFFEN FAUSKE
JØRGEN ANGVIK HELGHEIM
JONAS ANGVIK HELGHEIM
JAKOB ANGVIK HELGHEIM
NIKOLAI SOMMER OS
MATIAS INDREBØ
MARIA BJØRNAREIM
RASMUS BJØRNAREIM
ÅSE FRØY BJØRNAREIM

# Innandørs løp på Alti Førde

(Av Yngve Årdal)

Laurdag 7. desember hadde Førde IL innandørsorientering på kjøpesenteret Alti i Førde.

Vanlegvis tenker ein orientering ute i skog og mark, men denne gongen var blaute myrar bytta ut mot hardt golv inne på kjøpesenteret. Tørt var det og.

Innandørsorientering er ein heller sjeldan aktivitet. Knut Even hadde ideen, han tok kontakt med Alti, som var positivt innstilt til å prøve dette. Då var det å hive seg rundt og lage eit kart som kunne nyttast. Her var det ein del andre kartteikn som måtte i bruk, t.d. korleis skal ein teikne ei rulletrapp. Men med gode råd frå ekspertise i landet, fekk ein dei svara ein trengte for å kunne lage kartet.

FØRDE SUNNFJORD ORIENTERING IDRETT FOLK

## Ingen sprang seg vill, og mange fekk julehandla på kjøpet

SPREK GJENG: Knut Even Hole, Ann Kristin Kusslid, Julie Daling, Elisabeth Kusslid og Gaute Osvoll arrangerte O-løp på Alti. Foto: Roy Sunde

Av Roy Sunde Publisert: 08.12.24 15:38 Del

Laurdag arrangerte orienteringsgruppa til Førde IL innadørsorientering på kjøpesenter Alti. Det freista rundt 70 personar til å kombinerer julehandel og

**Firda 8. desember.**

Postane var plassert i ulike butikkar, og ein fann posten og stempla på vanleg måte. No var det lagt opp til meir gåing enn springing. Det var avgjerande i opningstidene til senteret, der det var veldig mange som var ute på julehandel denne laurdagen. Men det gjekk fint.

Opplegget vart ein suksess, der kring 70 personar registrerte seg. Mange av butikkane stilte med gåvepremiar, som vart trekt ut på dei som deltok.

Positivt var det med mykje medieomtale Alti si facebookside, og lokalavisa Firda var der og laga reportasje. Det var ein fin måte å få vist fram og marknadsført o-gruppa i Førde.

Alt i alt ein positiv aktivitet, som Knut Even Hole var initiativtakar til. Med seg hadde han fleire medhjelparar, spesielt frå trenings- og rekrutteringsrådet, og kjekt var det at mange ungdommar stilte opp og profilerte o-idretten denne laurdagen.


ALTI - FØRDE
Målestokk 1:1000
Data: Planteikningar ALTI.
Konstruksjon, Synfaring og teikning:
Kart-Designer K.E.Hole.
v/ Knut Even Hole
Kart-Designer K.E. Hole
2
1
0
Rampe
Trappekant
Trapp
Stolpe
Spesiell detalj
Toalett
Servant
Plante/busk
Gjerde, passerbart / ikkje passerbart
Vegg, ytter/inner
Skap/reol/stativ
Bord/kurv/palle
Stol/bank/sofa
Uteområde
Åpne område
Forbudt område
Leikerom
Retning rulletrapp
Retning trapp (opp)
Vindeltrapp
3
2
1
0

# Gaute og Sjur på O-landsleir og Hovudløp

(Av Yngve Årdal )

**Gaute Osvoll (t.v.) og Sjur Skilbrei deltok på Hovudløp og O-landsleir i 2024.**

O-landsleiren og Hovudløpet for aldersgruppa 14-16 år vart i år arrangert i Fredrikstad/Hvaler-området. Førde hadde med to løparar denne veka; Sjur Skilbrei (H14) og Gaute Osvoll (H15).

-Det var ei veldig kjekk veke, fortel Gaute. I tillegg til Sjur og Gaute var også Olina Svarstad Heggdal frå Markane med frå Sogn og Fjordane. Anne Marie Svarstad var reiseleiar.

Resultatmessig er ikkje Gaute heilt nøgd. – På langdistansen starta eg nølande til første post, og når eg først vart usikker og ikkje klarte å ta meg inn igjen, så gjekk det mykje tid der, fortel han. Det sette nok sitt preg på resten av løpet. print-distansen gjekk inne i Gamlebyen i Fredrikstad. – Det var veldig kjekt å springe. Det var folksamt, med mange turistar og o-løparar som heldt stor fart. Dette er nok det største løpet eg har vore med på, seier han.

O-landsleiren gav meirsmak. – Vi er ikkje så mange løparar på min alder i Førde, og det å treffe andre var veldig kjekt. Vi hadde ein del o-teknisk trening, samt mange sosiale aktivitetar, fortel han.

I 2025 skal O-landsleiren vere i Sandefjord-området, og Gaute er klar på at det er noko han ønsker å delta på. – I år var vi tre deltakarar frå Sogn og Fjordane, og vi fekk premie for den kretsen med størst prosentauke i deltakarar. Eg håpar vi blir endå fleire til neste år.

I årets sesong har Gaute fått med seg dei fleste nærløpa (mangla eitt, då han var på hovudløp). - Eit mål for 2025 er å delta på fleire løp utanfor krinsen. I år var eg med på hovudløp, Fjord-O og DM, men håper eg skal få med meg endå fleire større løp utanfor kretsen neste år.

Gaute seier han trener 4-5 gonger i veka i sesongen. Det å springe i skogen er det kjekke med orientering.

Han er også involvert i å lage kart. I fjor laga han kart over området kring Førde sentralsjukehus, og i år har han teikna kart etter sprintnormen i Hafstadparken. – Eg likar å teikne kart. Det kan vere litt vanskeleg å tenke korleis eg skal teikne ting, men eg finn som regel greie løysingar, fortel han. Det hjelp også å ha ein god mentor i Gunnar Gytri.

Resultat hovudløpet.
Sjur Skilbrei, H14: Langdistanse nr. 38, sprint nr. 47. Gaute Osvoll, H15: Langdistanse nr. 55, sprint nr. 49.




**Hovudløp klasse H15.**

# Nytt i 2025: Treningstilbod måndag kl 1800 på Langeland?

(Av Knut Even Hole)

Har hatt ein ide ei stund om ikkje o-gruppa skulle prøve å få til ein treningsdag i tillegg til nærløpa vi har på onsdagane. Ein treningsdag som er open for alle. **Er vi klar for det i Førde IL Orientering?**

Sidan hausten 2023 så har vi hatt eit prosjekt for barn mellom 8 og 12 år, kvar måndag i Hafstadparken som vi har kalla for morO. Der vi har hatt ulik leik og morO frå kl 1800, og avslutta med kveldsmat frå kl 19 inne på FIL-huset. Tanken er, om vi får til ein felles treningsdag, så slår vi morO saman med det nye tilbodet, og dermed kunne frigjere personell til ansvarlege instruktørar og medhjelparar.

Ser for meg at vi har ein fast oppmøteplass som har gode parkeringsmoglegheiter, har eit variert og godt terreng til ulike aktivitetar, har tilgang til dusj/omkledning og har ein plass det går ann å gå inn å få seg ein kopp kaffe og ei vaffel eventuelt kveldsmat etter økta. Langeland skisenter blinkar seg ut som den mest ideelle plassen til dette.

Målet med ein slik kveld er å gi barn eit treningstilbod både o-teknisk og fysisk, det same gjeld spesielt for ungdomen. Dette for at vi kanskje til større grad enn i dag klarer å gi dei eit tilbod der ein kan få ein progresjon både teknisk og fysisk. Og ikkje minst gi dei eit attraktivt tilbod slik vi kanskje klarar å beholde ungdomen i o-gruppa. Til slutt så er målet at dei vaksne og skal få eit treningstilbod medan borna/ungdomen trenar, og på denne måten får vi ein arena der alle generasjonane samlast. Treninga for born og ungdomen kan varierast gjennom året litt ut frå nivå og alder på dei som deltek. For dei vaksne så ser eg for meg at vi held nybegynnar kurs gjerne før utesesongen startar, slik at alle kan starte litt på lik linje når vinteren er over.

Har og tenkt på om vi kan i forbindelse med enkelte av treningsdagane gjennom sesongen, arrangere ein cup, der vi inviterer lag frå bedrifter, andre særidrettsgrupper, lag og organisasjonar. Der vi til eksempel deler ut poeng ut frå resultat, kor mange som er med på kvart lag, kor ofte den enkelte deltaker stiller osv. Då vil kanskje fleire prøve å stille flest mogleg gongar, berre for å t.d. slå nabobedrifta. Det er sjølvsagt mogleg for dei som stiller på cupen til å delta på treningane også. På denne måten kan vi kanskje få ei rekruttering til o-gruppa, som igjen gjer fleire personar å fordele arbeidsoppgåver på.







**Langeland skisenter er godt eigna som fast møtestad for treningar. Kartutsnitta er frå to ulike dagar i juni månad i 2024.**

Treninga for born/ungdom må som sagt skreddarsyast litt i forhold til kven og kor mange som vil delta, så eg skal ikkje gå som mykje meir inn på den. Men opplegget for dei vaksne har eg litt tankar rundt som eg vil ta med. Tar vi utgangspunkt i at det er Langeland som er arena for treningskvelden, og at det er til fast tid kl 1800. Då må deltakarane være klar kl 1800. Gjerne ferdig oppvarma. Dette for at ein ikkje skal måtte vente på dei som alltid kjem 5 minutt over. Ein kan ha o-løype kvar gong om ein syns det er beste måten å trene på, men ved å lage løypene på ulike måtar så kan ein variere korleis ein trenar o-teknisk. Ein kveld fokus på kompasskurs, ein på vegval, ein på kartkontakt osv.

**Miljø: Skihytta kan brukast i etterkant av trening.**

Når det gjeld løypene til ein cup, så ser eg for meg fellesstart med gafling eller sommarfugl for å spreie deltakarane, og at vi har kun ei A-løype som alle spring (og ei N-løype til borna). Dette for å minske arrangør jobben.

Terrenget på Langeland er såpass stort å ta av så det burde ikkje være noko problem å lage løyper gjennom heile sesongen så ein treng å ha same post på same plass to gongar. På skihytta kan ein få seg ein dusj, og den kan brukast til samling for sosialt etter ute økta, der ein kan få seg ei vaffel eller kveldsmat.

Prosjektet ser eg for meg skal være lågkost, så noko stor deltakeravgift må det ikkje være, kun dekke faktiske utgifter (gjerne at servering i etterkant er med i prisen). morO vil fortsatt være gratis, men vi bør kanskje med eit slikt tilbod oppfordre borna til å være medlem i FIL grunna skadeforsikring, og at det bør være ein lisens for ungdom/vaksne med tanke på det same.

Det er viktig å merke seg at dette tilbodet på ingen måte skal erstatte nærløpa vi har på onsdagane, men være eit ekstra tilbod for dei medlemme vi alt har, samt med eit håp om å få med fleire deltakarar på nærløpa.

Høyrest ikkje dette spennande ut?

**Og er det nokon som tenner på ideen og kan bidra med hjelp, enten til å lage løype/sette ut poster være instruktørar for barn/ungdom eller til å ordne med servering etc, så ta kontakt med meg så snart som mogleg, så vi kan starte med planlegging.**

Det trengs nok ein del folk til dette, men får vi ein fast gjeng som deler på oppgåvene så blir det ikkje så vanskeleg å administrere. Korleis vi skal sette saman tilbodet for ein sesong må diskuterast grundig om vi får tak i personar som kan bidra til dei ulike oppgåvene som kjem i tillegg til det vi har frå før.

# 2025: Utkast terminliste nærløp og krinsløp

| DATO | STAD | ARRANGØR | MERKNAD |
|---|---|---|---|
| **APRIL** | | | |
| Ons. 9. | Sunnfj. Museum Movika | Torodd / Knut Even / Anita | "Kickoff" nærløp |
| 14.-21.4: påske | | | |
| Ons. 23. | Viebøen Barnehage | | Nærløp Sprint |
| Fre. 25. | Værlandet/Bulandet | Arr. Førde IL trenings-/rekrutt | O-Leir |
| Fre. 25. | Værlandet/Bulandet | Askvoll og Holmedal IL | Krinsløp Vårløp/Kveldsløp |
| Laur. 26. | Værlandet/Bulandet | Askvoll og Holmedal IL | Krinsløp Vårløp/Mellom |
| Søn. 27. | Værlandet/Bulandet | Askvoll og Holmedal IL | Krinsløp Vårløp/Mellom |
| Ons. 30. | Flatene Skule | | Nærløp Sprint |
| **MAI** | | | |
| Ons. 7. | Førde Ungdomsskule | | Nærløp LM Sprint |
| Ons. 14. | Førde Vassverk | | Nærløp |
| Ons. 21. | Eikås/Hjellbrekke | Førde IL Orientering | K-løp "Sunnfjordorienteringa" |
| Laur.24. | Breim | Breimsbygda IL | "Rotekoppen" |
| Ons. 28. | Helgås | Tambarskjelvar IL | Nærløp |
| Laur. 31.-01. | Veten | Veten IL | O-Leir |
| Laur. 31. | Veten | Veten IL | Krinsløp mellom |
| **JUNI** | | | |
| Laur. 01. | Markane | Markane IL | Krinsløp mellom Jaktstart |
| Ons. 4. | Langeland Skisenter | | Nærløp |
| Ons. 11. | Langeland Skisenter | | Nærløp LM-Lang |
| Ons. 18. | Langeland Skisenter | | Nærløp |
| Ons. 25. | Djupedalen | | Nærløp |
| **JULI** | | | |
| **AUGUST** | | | |
| Ons. 6. | Førde Ungdomsskule | | Nærløp |
| Ons. 13. | Skyttertunet | | Nærløp |
| Ons. 20. | Skyttertunet | | Nærløp |
| 23.- 24. | Sogndal | Sogndal IL | O-Leir |
| 23.- 24. | Sogndal | Sogndal IL | KM Sprint |
| 23.- 24. | Sogndal | Sogndal IL | KM mellom |
| Ons. 27. | Skyttertunet | | Nærløp LM-Mellom |
| **SEPTEMBER** | | | |
| Ons. 3. | Gjesdalsdalen | | Nærløp |
| Ons. 10. | Sunde Skule | | Næeløp |
| Ons. 17. | Slåtten Skule | | Nærløp |
| Fred. 19. | Førde/Eikås | Førde IL Orientering | KM-Natt |
| Laur. 20 | Naustdal | Tambarskjelvar IL | "Haustbløyta" |
| Ons. 24. | Byrkjeflot | | Nærløp Natt |
| **OKTOBER** | | | |
| Ons. 1. | Langeland Skisenter | | Nærløp Natt |
| Ons. 8. | Langeland nord Høgda | | Nærløp Natt |
| Ons. 15. | Lysløypa Sundsdalen | | Nærløp Natt |
| Ons. 22. | Langeland nord Høgda | | Nærløp Natt LM |
| Ons. 29. | Hafstadparken | | Nærløp Natt |
| **NOVEMBER** | | | |
| **DESEMBER** | | | |
| Fred. 26. | | | "Romjulsløpet" 2. juledag |